

**Fra:** Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no)

**Sendt:** 18.07.2016 13:26:13

**Til:** Monika Cecylia Serafinska

**Kopi:**

**Emne:** RE: Til offentlig ettersyn og høring - plan 213 - Kleppestø sentrum - 1. gangs behandling - Askøy kommune

**Vedlegg:** image001.png

**Vedr. Til offentlig ettersyn og høring - plan 213 - Kleppestø sentrum - 1. gangs behandling - Askøy kommune. Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser til e-post motteke 22.06. 2016. Me viser også til fråsegn dagsett 24.05. 2012 og 16.01. 2014.

Saka har på nytt vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Kleppestø sentrum plan 213 i Askøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har tidligare sendt varsel om at vi kan krevje marinarkeologiske undersøkingar når planarbeidet kjem på offentlig ettersyn. Etter ei ny vurdering har me ikkje funne dette naudsynt. Dei mest interessante områda innanfor planavgrensinga er allereie undersøkt. Store delar av planområdet er også særå djupt og me finn det lite sannsynleg med maritime kulturminne i området.

Museet trekk difor krav om marinarkeologisk undersøking og har ikkje fleire merknader til planarbeidet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland

Marinarkeolog

55 54 96 02

[marinarkeologi@sjofartsmuseum.no](mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no)

---

**From:** Monika Cecylia Serafinska [mailto:Monika.Serafinska@hfk.no]

**Sent:** Wednesday, June 22, 2016 3:55 PM

**To:** 'Bergens Sjøfartsmuseum'

**Subject:** Til offentlig ettersyn og høring - plan 213 - Kleppestø sentrum - 1. gangs behandling - Askøy kommune

Hei.

Sender over planen til fråsegn. I samband med varsel om oppstart av planarbeid for Kleppestø sentrum varsla Bergens Sjøfartsmuseum marinarkeologisk registrering. Er registreringa gjennomført?

Med helsing

**Monika Serafinska**

Arkeolog | Rådgivevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf.: 55 23 91 80

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

